



Innsendt: 15.10.2025 12:20

Ref.nr: EZSYDH

NVE

Postboks 5091, Majorstua

0301 Oslo

Hjemmeside: <https://www.nve.no>

Innsending av høringsuttalelse

Informasjonsside
For mer informasjon les mer på: NVEs hjemmeside
Fortsett med høringsuttalelsen ☒ Ja

Personopplysninger
Navn HÅVARD LAUKELAND
Kontaktinformasjon
Er søker et selskap under stiftelse? ☐ Søker er et selskap under stiftelse
Opplysningene er hentet fra Folkeregisteret og Kontakt og reservasjonsregisteret

Saksopplysninger	
Innsending av høringsuttalelse til NVE.	
NVEs saksnr.: 202205918	Sakstittel Selselva kraftverk - økt slukeevne og regulering av Selsvatnet

Høringsuttalelse
Høringsuttalelse Høringsuttale, Selselva kraftverk
Etter førre runda med søknad og uttaler har eg ved to høve kartlagt karplanter, mosar og andre artar kring Selsvatnet, i juli 2024 og i byrjinga av august 2025. Sidan det er snakk om ein demning som vil heve vasstanden, såg eg spesielt godt etter i sona ved breiddene av vatnet, sidan dei vil verte direkte påverka av det aktuelle tiltaket. På dei flatare områda kring vatnet er det fleire større og mindre snøleie, ein naturtype vurdert som sårbar på den norske raudlista for naturtypar. Desse finn ein på stader med stabilt dekke av snø som ligg lenge, noko som fører til spesielle vekstvilkår og ein vegetasjon med spesielt tilpassa artar. I nordenden av vatnet, på øyra der elva renn ut, og flatene vestover, er det fine snøleie heilt nede ved vasskanten. Her fann eg ni raudlisteartar. Det er dei sårbare artane jøkulstorr(som òg er ein norsk ansvarsart i Europa, typisk for seine, overrisla snøleie), snøbinnemose, snøotmose og bresotmose og dei nær truga artane snøull, fjellbunke, faksjøkulmose, sigdfrostmose og fjellhutremose. Sjølv om eg har sjekka og registrert det eg fann, kan det sjølvsagt vere fleire raudlisteartar i den varierte vegetasjonen på sletta her(sjå artskart.artsdatabanken.no og artsobservasjoner.no for dokumentasjon og utfyllande informasjon). Om ein demning hevar vasstanden til kote 840 moh., vil desse komme under vatn og forsvinne.

I sørenden av vatnet er det òg snøleie. I eit som ligg nokre få meter over vatnet har eg registrert seks raudlista artar; jøkulstorr, snøbinnemose, fjellbleikmose (lite registrert nasjonalt, truleg nokso sjeldan) og hjelmmose er lista som sårbare, snøull og sigdfrostmose som nær truga.

Kring vatnet har eg elles registrert raudlisteartane moselyng, knoppfjellrapp og bekkesildre. Veksestadene til desse vert truleg ikkje nemneverdig påverka av ein eventuell demning, men til saman syner alle desse funna at vegetasjonen og naturen kring vatnet er rikare enn ein kan få inntrykk av i søknaden frå utbyggjar. Eg håpar denne informasjonen kan bidra til eit meir detaljert bilete av naturverdiane kring Selsvatnet, og at dette vert teke med i den vidare handsaminga av saka.

Helsing

Håvard Laukeland

Høringsuttalelse som vedlegg

Last eventuelt opp fil med annen relevant informasjon

Vedlegg bilder